

## Møte nr. 1-2012

### Kontrollutvalet i Bjerkreim INNKALLES TIL MØTE 13. februar 2012 kl. 09.00 på Møterom 2

#### SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 1/12 [Godkjenning av protokoll frå forrige møte](#)
- 2/12 [Orientering frå administrasjonen.](#)  
*U. off. OFL § 13 jfr. KL § 31.3 og FVL § 13 1)*
- 3/12 [Ny plan for forvaltningsrevisjon. Innspel frå administrasjonen/  
informasjon til politisk nivå](#)
- 4/12 [Kontrollutvalets oppgaver og ansvarsområde - kommunale rekneskap](#)
- 5/12 [Kontrollutvalets budsjett - årsrekneskap for 2011](#)
- 6/12 [Oppfølging av politiske vedtak i klageutvalet - 2010 og 2011](#)
- 7/12 [Årsmelding 2011, kontrollutvalet i Bjerkreim](#)
- 8/12 [Kontrollutvalets saker - statusoversikt pr. februar 2012](#)

#### EVENTUELT

Ver grei å melda forfall snarast på telefon 51976590, som sms til mobiltf. 98806776 eller på e-post til [postmottak.rks@sandnes.kommune.no](mailto:postmottak.rks@sandnes.kommune.no)

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile, må gi melding om dette slik at varamedlem kan kallast inn.

Evt. saker merka(*Unnateke offentlighet i medhald av off. l.*) sendes bare til medlemmer/varamedlemmer.

Vikeså, 31/1-2012

Magne Vaule  
Leiar av kontrollutvalet

Wencke S: Olsen  
Sekretariatet

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000100  
Arkivkode : E: 049  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalet i Bjerkreim	<b>Møtedato</b> 13.02.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 1 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

**GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE**

Sjå vedlagte protokoll frå kontrollutvalet sitt møte den 14. november 2011.

Forslag til

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet i Bjerkreim godkjenner protokollen frå møte den 14.11.2011.

SANDNES, 25.01.2012

Wencke S. Olsen  
daglig leder

Vedlegg:  
[Protokoll](#)

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200900037  
Arkivkode : E: 030 &18  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalet i Bjerkreim	<b>Møtedato</b> 13.02.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 2 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

**UNNTATT OFFENTLIGHET IFLG. OFL § 13, JFR. KL § 31.3 OG FVL § 13 1)**

## **ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN.**

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet ba på sitt forrige møte om at rådmannen vart invitert til dette møtet for å orientera utvalet om fleire tilhøve knytt til saker som tidligare har vore diskutert i utvalet.

Første del av denne orienteringa er unnateke offentlighet. Heimel for dette er i Offentleglovas § 13, jfr. Forvaltningslovas § 13 1) ”noens personlege forhold” og Kommuneleovas § 31.3 ”Et folkevalgt organ skal vedta å lukke et møte når det skal behandle en sak som angår en arbeidstakers tjenstlige forhold”

Siste del av orienteringa kan gå for opne dører – det gjeld orientering ang. kommunens forsikringar.

### **Saksutredning:**

Følgjande orienteringar vert behandla i lukka møte:

*Uttale - sak om tilsettes yringsfridom*

*Klage på retten til eit godt psykososialt miljø etter opplæringslovas § 9a-3. Brev frå Fylkesmannen i Rogaland til Bjerkreim kommune*

### **Denne orienteringa kan behandlast for åpne dører:**

Med bakgrunn i forsikringssak knytt til Vikeså Skule, har kontrollutvalet ønska ei orientering frå rådmannen om:

*Har kommunen planar for ein gjennomgang av sine forsikringar for å sikra at arealet på forsikra bygningar er rett.*

Forslag til

**VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Bjerkreim tar rådmannens orienteringar til etterretning.**

SANDNES, 01.02.2012

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800119  
Arkivkode : E: 144  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Bjerkreim	<b>Møtedato</b> 13.02.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 3 /2012
---	-------------------------------	----------------------------------

**NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON. INNSPEL FRÅ  
ADMINISTRASJONEN/INFORMASJON TIL POLITISK NIVÅ**

**Bakgrunn:**

Kontrollutvalet er iflg. forskriftene pålagt å utarbeida ny Plan for forvaltningsrevisjon innan utgangen av året etter siste kommuneval. I forbindelse med utarbeiding av ny plan bør kontrollutvalet få innspel frå både politisk og administrativ leing i tillegg til innspell frå revisor og evt. sekretariatet.

Kontrollutvalet bestemte på forrige møte å ha et ekstramøte den 14.februar 2012. Til dette møtet er derfor administrasjonen v/rådmannen invitert til å koma med innspel til aktuelle prosjekt.

**Saksutredning:**

I tillegg til innspel frå administrasjonen vil og det politiske miljøet bli bedt om å koma med innspel til planen. I den forbindelse vil det bli sendt ut litt informasjon om kva og kvifor, sjå vedlegg.

Sekretariatet foreslår at den vedlagte informasjonen vert sendt ut til inviterte politikarar når kontrollutvalet har fastslått når møte med politisk nivå skal finna stad.

Forslag til

**VEDTAK:**

Kontrollutvalet tar administrasjonens innspel til Plan for forvaltningsrevisjon til etterretning.

Kontrollutvalet ønskjer møte med politiske leiarar den x.x.2012, og ber sekretariatet sende ut vedlagt informasjon forut for dette møtet.

SANDNES, 19/1-2012

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800154  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalet i Bjerkreim	<b>Møtedato</b> 13.02.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 4 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

**KONTROLLUTVALETS OPPGÅVER OG ANSVARSOMRÅDER -  
KOMMUNALE REKNESKAP**

**Bakgrunn:**

I forbindelse med opplæring av det nyvalde kontrollutvalet, vedtok utvalet på første møte at man på møtet i februar 2012 skulle ha ei gjennomgang av kommunale rekneskap.

**Saksutredning:**

Kommunale rekneskap skil seg på enkelte punkt frå eit bedriftsrekneskap, sjølv om likskapane er større enn forskjellane.

I tillegg blir man som polititar presentert for eit stort og for mange uoversiktlig talmateriale. Kvar finst dei vesentlige tala i eit kommunalt rekneskap?

Revisor er invitert til å gå gjennom dette temaet for kontrollutvalet.

Forslag til

**VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar revisors gjennomgang av kommunale rekneskap til orientering.](#)

SANDNES, 19. januar 2012

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800203  
Arkivkode : E: 212  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalet i Bjerkreim	<b>Møtedato</b> 13.02.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 5 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

## **KONTROLLUTVALETS BUDSJETT - ÅRSREKNESKAP FOR 2011**

### **Bakgrunn:**

Kontrollutvalet har iflg. Forskrift for kontrollutvalg § 18 ansvar for å fremma forslag til budsjett for kontroll og tilsynsarbeidet i kommunen. Det medfører og at utvalet har eit oppfølgingsansvar knytt til kontrollutvalets rekneskap.

### **Saksutredning:**

Rekneskapet er delt inn i 3 delar: Utgifter knytt til kontrollutvalet sjølv, utgifter til sekretariat og utgifter til revisjon.

Når det gjeld utgifter til kontrollutvalet, er det eit mindreforbruk her på ca. 10.000 kr., det vil seie at ca 87% av samla budsjett er brukt.

Det er og eit mindreforbruk på utgifter til sekretariat, der ca. 89% av budsjettet er brukt. Dette skuldast tilbakebetaling etter at rekneskapen for 2010 vart lagt fram med overskot.

Utgifter til revisjon har et lite meirforbruk. Her er 102 % av budsjettet forbrukt. Revisor har og lagt ved ei eigen oversikt over sitt forbruk i 2011 knytt til Bjerkreim kommune, sjå eige vedlegg. Ein evt. differanse her skuldast som regel at utgifter som ikkje høyrer inn under kontrollutvalets budsjett også har blitt ført her, som revisjon av sokneråd og liknande.

Samla sett viser kommunerekneskapen for 2011 at kontrollutvalet har eit lite mindreforbruk, då 97% av budsjettet er brukt. Dette området vil til slutt vera ein del av kommunens samla rekneskap for 2011, som vil bli lagt fram seinare i vår.

Forslag til

### **VEDTAK:**

**Kontrollutvalet i Bjerkreim tar oversikt over årsrekneskapet for kontrollutvalets budsjett 2011 til orientering.**

SANDNES, 22.01.2012

Wencke S. Olsen  
Sekr.leder

Vedlegg:  
[Rekneskapsoversikt](#)

[Tilbake](#)



**Bjerkreim kommune - kontrollutvalget**

**Regnskap 31.12.2011- kontroll og tilsyn**

**Ansvar 120 Tjeneste 1101, 1102, 1103**

**Alle tall er eks. mva.**

Art		Kommunestyrets vedtak 2011	Kontrollutvalg forslag 2011	Kommunereg- skapet 30.4.2011	%
	<b>Tjeneste 1101 Kontrollutvalget</b>				
1080	Møtegodtgjørelse	52 000	60 000	<b>57.463</b>	
1090	Pensjonsinnskudd, trekkpliktige forsikr	8 000		<b>0</b>	
1091	Gruppeliv/ulykke	0	1 000	<b>292</b>	
1099	Arbeidsgiveravgift	8 000	8 000	<b>8.144</b>	
1115	Beverning møter	0			
1130	Post/bank/telefon/internett				
1150	Opplæring, kurs	5 000	6 000	<b>1.700</b>	
1160	Reiseutgifter, kost etc.	0	3 000		
1195	Avgifter, gebyrer, lisenser	8 000	3 000	<b>2.850</b>	
	<b>Kontrollutvalgets utgifter *)</b>	<b>81 000</b>	<b>81 000</b>	<b>70.449</b>	<b>87%</b>
8					
	<b>Tjeneste 1102</b>				
1350	Kjøp av sekretariatstjenester	92 000	92 000	<b>82.000,-</b>	<b>89%</b>
	<b>Tjeneste 1103</b>				
1375	Kjøp fra IKS; Rogaland Revisjon	283 000	283 000	<b>288.641</b>	<b>102%</b>
1429	Merverdiavgift utenfor mva-loven				
1729	Momskomp inntekt drift				
	<b>Samlet budsjett</b>	<b>456 000</b>	<b>456 000</b>	<b>441 090</b>	<b>97%</b>

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800252  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalet i Bjerkreim	<b>Møtedato</b> 13.02.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 6 /2012
--	-------------------------------	----------------------------------

**OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK KLAGEUTVALGET – 2010  
OG 2011**

**Bakgrunn:**

Kontrollutvalet får 2 ganger i året oversikt over politiske vedtak i kommunestyret, formannskapet og driftsutvalet. Ved behandling av oversikten for 1. halvår 2011, fatta kontrollutvalet vedtak om at *Kontrollutvalet ønsker også oversikt over oppfølging av vedtak fatta i klageutvalet.*

**Saksutredning:**

Sekretariatet har fått tilsend oversikt over vedtak fatta i klageutvalet i 2010 og 2011, sjå vedlegg.

Av oversikta går det fram at det er behandla 5 ordinære saker i klageutvalet i denne perioden. Samtlige saker er unnateke offentlighet, og er derfor ikkje nemnt i oversikta med type sak. Av oversikta går det fram at ei av sakene har vore utsett. Det er grunn til å tru at denne saka må sjåast opp mot sak 3. I tillegg til dette har det vore ei sak til drøfting der det har vorte gitt signaler om avslag, ei sak der klagar har fått avslag og ei sak der klagar har fått medhald.

Kontrollutvalet skal ikkje vurdera det politiske innhaldet i sakane, men sjå til at alle saker vert fylgt opp. . Evt. ueinigheit om kva oppfølging av ei enkelt klage inneber i den enkelte sak må avklarast mellom klageutvalet og administrasjonen dersom det er usikkerheit knytt til det.

Status pr. i dag er altså at ei sak er tatt opp på ny og klagen er tatt til følgje, ei sak er vidare send fylkesmannen, og ei sak er innvilga. Det ser då ikkje ut til å vera saker uteståande frå klageutvalet som ikkje er fylgt opp av administrasjonen

Forslag til

**VEDTAK:**

[Kontrollutvalet tar oppfølging av politiske vedtak knytt til kommunens klageutval i 2010 og 2011 til orientering.](#)

SANDNES, 26/1-2012

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

Vedlegg:  
[Oversikt](#)

[Tilbake](#)





## Bjerkreim kommune Serviceavdelinga

### Notat

Saksbehandlar:  
Torunn Ivesdal Gjedrem  
Telefon: 51 20 11 62

Referanse: 11/10420 Arkiv: FE-040, TI-&58 Dato: 28.11.2011

### Oppfølging av politiske vedtak - klageutvalet - 2010 og 2011

Møtedato / Saksnr.	Sakstittel	Saks-beh.	Arkivsaknr.	Avslag/innvilget	Status: Iverksett/under arbeid	Vidare oppfølging
29.11.2010 001/10	Behandling av klage på enkeltvedtak etter § 9a-3 i opplæringsloven ( <i>Unntatt off. jf. offl. § 13, jf. forvl. § 13</i> )	RAN	08/1149-23		Utsatt	
15.12.2010 002/10	Godkjenning av møteprotokoll	TIG	10/1019-1	-		
003/10	Oppfølging og behandling av klageutvalgets vedtak 29.11.10 ( <i>Unntatt off. jf. offl. § 13, jf. forvl. § 13</i> )	RAN	08/1149-29	Innvilget	Klagen tas til følge	
28.03.2011 001/11	Til drøfting i klageutvalet ( <i>Unntatt off. jf. offl. § 13, jf. forvl. § 13</i> )	RAN	08/1149-51	"Avslag"		
30.05.2011 002/11	Behandling av klage på vedtak ( <i>Unntatt off. jf. offl. § 13, jf. forvl. § 13</i> )	RAN	08/1149-57	Avslag	Oversendt Fylkesmannen	
28.11.2011 003/11	Klage på vedtak om omsorgslønn ( <i>Unntatt off. jf. offl. § 13, jf. forvl. § 13</i> )	AEK	09/797-8	Innvilget		

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800154  
Arkivkode : E: 033  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Bjerkreim	<b>Møtedato</b> 13.02.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 7 /2012
---	-------------------------------	----------------------------------

## **ÅRSMELDING 2011, KONTROLLUTVALET I BJERKREIM**

### ***Bakgrunn***

Kontrollutvalets årsmelding skal oppsummera kontrollutvalets arbeid i året som har gått. Sekretariatet har utarbeidd forslag til årsmelding for 2011 for kontrollutvalet i Bjerkreim.

### ***Saksutredning***

Det meste av aktivitetane i årsmelding for 2011 relaterer seg til det kontrollutvalet som fungerte fram til valet hausten 2011.

I forhold til årsplan for 2011 er kontrollutvalets mål for 2011 i det alt vesentligaste oppfylt.

Det vert elles vist til vedlagte forslag til årsmelding for 2011. Eventuelle endringar som måtte koma fram på møtet vil bli innarbeidd i årsmeldinga av sekretariatet før den vert vidaresend kommunestyret til orientering.

Forslag til

### **VEDTAK:**


- [Kontrollutvalet i Bjerkreim vedtar det framlagte forslaget til årsmelding for 2011.](#)
- [Årsmeldinga vert oversend kommunestyret i Bjerkreim til orientering.](#)

SANDNES, 15.01.2012

Wencke S. Olsen  
sekretariatsleder

Vedlegg:  
[Forslag til årsmelding](#)

[Tilbake](#)



# Årsmelding 2011 for kontrollutvalet i Bjerkreim



Rogaland Kontrollutvalgssekretariat IS

## **Innleiing**

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ<sup>1</sup>, som på vegne av kommunestyret skal føra det løpande tilsynet med den kommunale forvaltninga, både administrativt og politisk. Kontrollutvalet har likevel ikkje tilsynsansvar for kommunestyret, men er underlagt dette.

## **Kontrollutvalets samansetning**

Bjerkreim kommune har eit kontrollutval bestående av 5 faste medlemmer og 5 varamedlemmer. Fram til haustens val var desse medlemmer i kontrollutvalet:

### **Medlemmer**

Kristine Osland, leiar  
Geir Ove Svela, nestleder  
Leif Gjedrem  
Tyra Skårland  
Leif Morten Songe

### **Varamedlemmer, numeriske**

1. Rune Eia  
2. Gunnhild Vassbø  
3. Øyvind Espeland  
4. Rolf Moi  
5. Ola Vikeså

Etter valet hausten 2011 er desse med i kontrollutvalet:

### **Medlemmer**

Magne Vaule, leiar  
Brit Tengedal, nestleder  
Geir Ove Svela  
Tyra Skårland  
Mauritz Bjerkreim

### **Varamedlemmer, numeriske**

1. Magnus Helland  
2. Aud Sissel Birkeland  
3. Rune Eia  
4. Arnold Helland  
5. Jan Tore Skårland

## **Kontrollutvalets arbeid i 2011**

Kontrollutvalet hadde 6 møter i 2011 og behandla i alt 40 saker. I tillegg kommer referat- og meldingssaker. Kontrollutvalets hovudarbeidsområde er knytt opp mot rekneskap, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.

### **Rekneskapsrevisjon:**

Kontrollutvalet har i høve til årsplanen behandla følgjande saker:

- Årsrekneskap og årsmelding 2010 for Bjerkreim kommune
- Økonomistyring og budsjett disiplin i kommunen. Kontrollutvalet har følgd opp dette punktet via orientering om kommunens tertialrekneskap.

Dersom det vert konstatert misligheter ved revisjon eller på annan måte, orienterer revisor umiddelbart kontrollutvalet, jfr. forskrift om revisjon § 3. Revisor har ikkje informert om hendingar i 2011.

Kontrollutvalet skal sjå til at revisors merknader til årsrekneskapen vert følgd opp av administrasjonen. Revisjonsberetning for rekneskapet for 2010 innehaldt ingen spesielle oppfølgingspunkt.

Kontrollutvalet mottar årlig orientering frå revisor om revisors årsplanar for det løpende revisjonsarbeidet, samt revisors uavhengighetserklæring. Dette er eit ledd i kontrollutvalets lovpålagte tilsyn med kommunens revisor. Dersom det vert konstatert misligheter ved revisjon eller på annan måte, orienterer revisor umiddelbart kontrollutvalet, jfr. forskrift om revisjon § 3. Det er ikkje rapportert om slik tilfelle i 2011.

### **Forvaltningsrevisjon:**

Årleg forvaltningsrevisjon er ei lovpålagt oppgåve. Kontrollutvalet bestilte følgjande rapport for levering i 2011:

---

<sup>1</sup> Kommunelovens § 77

- Barnevernstenesta

Rapporten vart lagt fram til kontrollutvalets møte i november, og er vidaresendt kommunestyret.

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at kommunestyrets vedtak i fbm forvaltningsrevisjon vert følgt opp av administrasjonen. Rapport levert i 2010 vedr. PPT vart ikkje sluttbehandla i utvalet før i april 2010, slik at oppfølging av denne rapporten er gjennomført i 2011.

Kontrollutvalet har bestilt rapport ang

- Anskaffelser

for levering i 2012.

### **Selskapskontroll:**

Kontrollutvalet har ansvar for å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunens interesser i selskap m.v, jfr. Kommunelovens § 77.5. Selskapskontroll skjer i tråd med Plan for selskapskontroll vedtatt av kommunestyret.

Kontrollutvalet har i 2011 behandla følgjande selskapskontrollar:

- Dalane Energi IKS
- Rogaland Revisjon IKS

Ved årets utgang er det ikkje bestilt nye selskapskontrollar.

### **Kontrollutvalets budsjett**

Kontrollutvalet har budsjettansvar for budsjettet for kontroll og tilsyn, og har i den forbindelse lagt fram budsjettforslag for 2012. I tillegg har rekneskap for kontroll og tilsyn 2010 samt tertialrapporter for 2011 for kontroll og tilsyn blitt behandla i utvalet. Kontrollutvalets budsjettforslag omfattar kontrollutvalets kjøp av revisjons- og sekretariatstenester samt utgifter til kontrollutvalets drift.

### **Anna**

Kontrollutvalet har i løpet av året behandla oppfølging av politiske vedtak for 2.halvår 2010 og for 1. halvår 2011. Utvalet har også fastlagt møteplan og årsplan for 2011/2012

Kontrollutvalet har også hatt til behandling sak som har kome opp etter kontakt med innbyggerane, m.a. vedr. mobbing i skulen og teieplikta.

Rådmann, økonomisjef og skatteoppkrevjar har alle møtt i kontrollutvalet i løpet av året og gitt orientering.

Ordfører har anledning til å møte på kontrollutvalets møter, jfr. kommunelovens § 9.4, og har vært til stades på fleire møter.

Kontrollutvalet ser det som viktig å halda seg oppdatert i forhold til sitt fagområde. Medlemmer frå kontrollutvalet har derfor deltatt på lokal konferanse på Sandnes i desember.

Kontrollutvalet har i sitt arbeid eit nært samarbeid med kommunens revisor og sekretariat. Revisor utfører rekneskapsrevisjonen samt forvaltningsrevisjon og selskapskontroll etter kontrollutvalets

bestilling. Oppdragsansvarlig revisor har vore til stades på alle møter i kontrollutvalet. Ordfører har også møterett i kontrollutvalet, og har deltatt på fleire møte.

Kontrollutvalets sekretariat er kontrollutvalets administrasjon, og skal sørgja for at alle saker til kontrollutvalet er tilstrekkelig utgreidd og at vedtaka vert sett i verk. Sekretariatet bistår kontrollutvalet med dette samt med anna administrasjonsarbeid. Representant frå sekretariatet skal vere til stades på alle møta.

Kontrollutvalet vedtok på møte i november 2011 at møta heretter skal haldast for opne dører.

### **Måloppnåing i forhold til handlingsplan for 2011**

Det er ingen vesentlige avvik i forhold til vedtatt årsplan/handlingsplan for 2011.

Vikeså, 13. februar 2012

Magne Vaule  
Leiar

Brit Tengedal  
nestleiar

Geir Ove Svela

Tyra Skårland

Mauritz Bjerkreim

[Tilbake](#)

**ROGALAND  
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800150  
Arkivkode : E: 216  
Saksbeh. : Wencke S. Olsen

<b>Behandles av utvalg:</b> Kontrollutvalget i Bjerkreim	<b>Møtedato</b> 13.02.2012	<b>Utvalgssaksnr.</b> 8 /2012
---	-------------------------------	----------------------------------

**KONTROLLUTVALGETS SAKER - STATUSOVERSIKT PR.  
FEBRUAR 2012**

**Bakgrunn:**

Sekretariatet legg til kvart møte fram oversikt over status på bestilte prosjekt og kontrollar, samt andre saker kontrollutvalet har tatt opp til handsaming. Oversikta inneheld og kva for ferdigstilte prosjekt som har vorte behandla og sendt over til kommunen, når desse skal følgjast opp og oversikt over kva for prosjekt som er heilt ferdigbehandla. Til slutt kjem ei oversikt over andre saker. Oversikta inneheld frå og med 2012 kun informasjon frå denne perioden.

**Saksutgreiing:**

I oversikta finst det ei kolonne som viser når revisor ventar å vera ferdig med den enkelte rapporten kontrollutvalet har bestilt. Denne er oppdatert etter siste mottatte oversikt frå Rogaland Revisjon. Revisor orienterer om framdrift på prosjekta på møtet.

Prosjekt som vert bestilt av kontrollutvalet skal vera med bakgrunn i vedtekne planar. Ny Plan for forvaltningsrevisjon vart vedtatt av kommunestyret 17.12.2008. Plan for selskapskontroll vart vedtatt av kommunestyret 21.05.2008. Kontrollutvalet må vedta nye planar innan 31.12.2012.

Forslag til

**VEDTAK:**

[Kontrollutvalet i Bjerkreim tar statusoversikten for februar 2012 til orientering.](#)

SANDNES, 20. januar 2012

Wencke S. Olsen  
Daglig leder

Vedlegg:  
[Statusoversikt pr. februar](#)

[Tilbake](#)



## Statusoversikt februar 2012

Arkivkode: E: 216 -  
Saksnr. : 200800150

### *Vedtekne prosjekt under arbeid/til behandling:*

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Vedtatt igangsett</i>	<i>Estimert timeforbruk</i>	<i>Status - antatt ferdigstilt til:</i>
Anskaffelser	14.11.2011	100 t	
<i>Selskapskontrollar</i>			

### *Andre saker:*

<i>Sak/prosjekt</i>	<i>Behandla</i>	<i>Status</i>	<i>Merknader</i>
Overordna analyse	06.06.2011	Under arbeid	Ca 30 t

### *Oversikt over prosjekter behandla i kontrollutvalet som skal følgjast opp/er ferdigbehandla::*

<i>Forvaltningsrevisjonsprosjekt</i>	<i>Bestilt</i>	<i>Behandla</i>	<i>Oversendt kommunen</i>	<i>Planlagt oppfølg og svarfrist</i>	<i>Status/dato evt. purrin</i>
Barnevernstjenesten	22.11.2010	05.09.2011	07.09.2011	1. halvår 2012	
Styringssystemer	12.04.2010	21.02.2011	22.02.2011	1. halvår 2012	
<i>Selskapskontrollar</i>					
Rogaland Revisjon IKS	11.04.2011	05.09.2011	07.08.2011	2012	
Dalane Energi IKS	03.06.09	06.06.11	08.06.11	2012	

[Tilbake](#)